

## Kjeldebruk ved Fagskolen Vestland

I forbindelse med skriftlege oppgåver vil du ha behov for å referere til noko andre har skrive. Det same gjeld når du refererer til noko du sjølv har tidlegare skrive i ei oppgåve.

Eit formelt system for kjeldebruk er viktig for å gjere det mogleg for andre å finne fram til kjeldene dine. Dersom du skriver utan å vise til kjelde, kan dette bli vurdert som fusk (sjå retningslinjer for handsaming av fusk ved Fagskulen Vestland).

På eksamenar med tilgang til hjelpemiddel og i oppgåver, prosjekt og hovudprosjekt, vert det utført plagiatskontroll. Ved omskriving av tekstar kan ein viss plagiatsprosent slå ut. Plagiatsprosenten vil bli vurdert. Ein plagiatsprosent på over 20 vil kunne føre til at eksamenssvaret blir vurdert som plagiat og kan dermed bli annullert. Dette gjeld også for eigenproduserte tekstar.

Det finns fleire ulike stilar for korleis litteraturlista skal vere. Ved Fagskolen Vestland anbefaler vi at du bruker stilen APA. Du kan lese meir om stilen på desse nettsidene.

[APA 7th – Søk og skriv](#)

[APA 7th – Kildekompasset](#)